



PROGRAM FOR GULEN ARBEIDARPARTI 2020 – 2023

INNLEIING

Gulen Arbeidarparti byggjer politikken sin på sosialdemokratiet sine idear om fridom, likeverd og solidaritet. Sosialdemokratiet sin styrkje er å endre verkemidla for å styre utviklinga. Folk flest må ta del i styringa gjennom eit levande og aktivt lokaldemokrati. Velferdsgoda må vernast om, og heile tida fornyast i takt med tida vi lever i. Rettferdig fordeling og fellesskapsløysingar er viktig for oss.

Vi vil sjå heile kommunen under eitt gjennom desse satsingsområda:

- Bustad- og næringsutvikling
- Barn og ungdom
- Helse- og sosialpolitikk
- Personalpolitikk
- Idrett, kultur og kulturvern
- Natur – og miljøvern
- Fiberutbygging, kommunikasjon og samferdsle

BUSTADBYGGJING

Lett og rimeleg tilgang til bustadtomter er eitt av vilkåra for at ungdommen skal slå seg til i bygdene våre. Dette har dei ulike bustadfelta og også den spreidd bustadbygginga stadfesta.

Gulen Arbeidarparti vil arbeide for ei vidareføring av spreidd bustadbygging.

Gulen Arbeidarparti vil difor:

- arbeide for tilgjengelege utleigebustader i alle deler av kommunen
- leggje til rette for eit variert busetnadsmønster ved
 - ordinære bustadfelt
 - mindre felt i bygdene
 - høve til utskiljing av enkle tomtar
 - å leggje til rette for båtplassar i bygdene
 - samarbeid med private utbyggjarar
 - auka etableringstilskot
 - ingen auke i eigedomsskatt

NÆRINGSUTVIKLING/RESSURSFORVALTING

Naturgjevne næringar må styrkjast og utviklast samstundes som det vert søkt nye vegar for å finne grunnlag for auka sysselsetjing, og trygging av busetnad i distrikta.

Gulen Arbeidarparti vil:

- arbeide for at forvaltinga av naturressursane våre blir basert på eit fornuftig samspel mellom bruk og vern
- vere ein positiv medspelar til næringsliv og industri på eit berekraftig grunnlag
- sikre næringsareal i alle delar av kommunen
- arbeide for nyskaping og eit breiare spekter av arbeidsplassar i kommunen
- styrkje næringsfondet

BARN OG UNGDOM

Gode oppvekstvilkår for barn og unge er ei viktig framtidretta oppgåve for oss alle.

Gulen Arbeidarparti vil:

- arbeide for best mogeleg kvalitet i barnehage/skule
- arbeide for fleksibel opningstid i barnehagane og gratis SFO for 1. klassingar
- arbeide for fritt skuleval i heile Vestlandsregionen
- styrke samarbeidet mellom skulane i kommunen

HELSE- OG SOSIALPOLITIKK

Arbeidarpartiet vil ha best mogeleg kvalitet på helse- og omsorgstenestene.
Gulen Arbeidarparti vil:

- styrke det førebyggjande helsearbeidet, frivilligsentralen og samarbeid skule/eldre
- tryggje eit godt barne- og familievern
- leggje til rette for å skape ein meningsfylt kvardag for menneske med særskilte behov
- sikre tilstrekkeleg sjukeheims- og dementplassar
- leggje til rette for aktivtør på sjukeheimen for å skape trivnad og meningsfull kvardag for bebuarane
- styrke rusvernet med særleg omsyn på førebygging

PERSONALPOLITIKK

Dei tilsette i kommunen er ein viktig ressurs for å få gode tenester til innbyggjarane i kommunen.
Gulen Arbeidarparti vil arbeide for at Gulen Kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar ved å:

- Auke tal lærlingeplassar
- arbeide for kompetanseutvikling for dei tilsette
- rekruttering av nye arbeidstakarar
- alle offentlege stillingar skal marknadsførast og utlysast for å få kvalifiserte søkjarar

IDRETT, KULTUR OG KULTURVERN

Gulen Arbeidarparti vil:

- styrkje arbeidet i lokale lag og organisasjonar med særleg vekt på arbeid for barn og unge
- auke tilskot til frivillig arbeid og utvikle gode møteplassar
- arbeide for å få ein idrettshall og symjebasseng i kommunen
- vidareutvikle kulturskuletilbodet
- arbeide for eit visningssenter og utvida bruk av tusenårsstaden Gulatinget
- arbeide for å ta vare på kulturlandskapet vårt

ENERGI, KLIMA, NATUR- OG MILJØVERN

Gulen Arbeidarparti ser det som svært viktig at kommunen aktivt og planmessig arbeider for å sikre natur- og livsmiljøet no og for framtida. Kommunen sin energi og klimaplan er eit viktig reidskap i dette arbeidet.

Partiet vil:

- arbeide for å sikre oljevernet
- arbeide for grøn energi og klimavenlege tiltak
- sikre vern av natur- og friluftsområde i kommunen gjennom rullering/arbeid med kommuneplanen

KOMMUNIKASJON OG SAMFERDSLE.

Kommunikasjon er viktig for å binde kommunen saman og for å tryggje busetnad og næringsliv
Gulen Arbeidarparti vil:

- halde fram arbeidet for god mobil- og breibanddekning i heile kommunen
- arbeide for ei fleksibel køyr meg heim ordning - Saudamodellen
- prioritere arbeidet med ras-sikring av vegen Brekke - Instefjord
- arbeide for sikrare skuleveg og gang- og sykkelveg til skulane
- arbeide for auka støtte til drift og utbygging av veglys
- arbeide for å betre samanbindingsvegane i kommunen med særskilt fokus på fv 1 og 57